

Lindås Kommune  
v/ rådmann  
v/ordfører  
PMUleiar

Lygra 30.01.2014

Kommunedelplan for Lurefjorden og Lindåsosane.

Gjeldande kommuneplanen for dette området er så vidt vi er kjent med i frå 2003. I 2006 vart det starta opp kommunedelplan for dette området. Vi skriv no snart 2014 og det er framleis ikkje ferdigstillt kommuneplan for området. Slik vi har fått saka opplyst på kommunen, er denne planen ikkje prioritert av kommunen og ingen kan svare på kor tid arbeidet vert planlagt avslutta. Vi går i denne omgangen ikkje særleg inn på prosessane som har skjedd undervegs i denne 7 års -perioden. Vi berre slår fast at området ikkje har ein plan som frå 2003 og ikkje er rullert i samsvar med reglane.

Det er lovpålagt av Stortinget at kommunen utarbeider kommuneplan for å sikre ein samfunnsmessig forsvarleg bruk av areala. Godkjent plan er den grunnleggjande føresetnaden for utbygging og endra arealbruk. Alle utbyggingstiltak og delingsvedtak som ikkje er i samsvar med plan vert rekna som dispensasjonar og må gå igjennom ei omfattande sakshandsaming i mange ledd på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg hald. Statleg politikk på området er at tiltak som ikkje er i samsvar med plan, som hovudregel skal avslåast.

Dispensasjonar frå plan eller i fråvere av godkjent plan, inneber kommunalt gebyr etter P&B lova. Dersom dispensasjonen i tillegg er i 100 m beltet, vert gebyret dobla - til kr 15.000 i Lindås. I tillegg kjem det gebyr for delingssamtykke etter P&B og Jordlov. Ei standard sak kan dermed koste anslagsvis kr 20 -22.000, samstundes som det er stor sannsynlegheit for at statlege sektororgan påklagar søknaden med avslag som resultat. Dette inneber at i vårt område torer ingen søke om noko som helst : Det kostar mange pengar pr søknad og risikoen for at den kan bli avslått er stor. I vårt område har det nesten ikkje førekome investeringar verken i bustad, hytte eller næring siste 10 åra. Naboskapen til Lyngheisenteret har forsterka denne situasjonen. Området er slik sett lamma som følgje av kommunen sin mangel på vilje til prioritering trass i at rullering av kommuneplanen er lovpålagt.

For kommunen er status quo ei god mjølkeku sidan dispensasjonsgebyra går i kommunekassen. For mange år sidan vart eit planutkast sendt på høyring, det vart undervegs endra på pga av all misnøya planutkastet hausta hos dei det gjaldt. Det fastsette løpet vart ikkje fullført i ettertid og deretter lagt i skuffene. Folket rundt Lurefjorden er den tapande part i denne langdryge prosessen. Dette ser vi som svært uheldig. Her er lite folk, mykje areal , lite press og fallande busetjing. Busetjing, skular og butikk vert dermed truga og lokalsamfunnet forvirrar. Kommunen burde tvert imot setje inn tiltak for å bidra til å utvikle desse grendene.

I mellomtida er så P&B lova endra mht til 100 m beltet, landet er inndelt i soner og det er også slik at kommunar kan sone-inndele sin kommune. Det gjeld Lindås kommune som er komen i sone 2. Kommunen burde vere i stand til å foreta ei differensiering mellom

pressområda i aksen Knarvik/Alversund ++ og andre deler av denne store kystlinekommunen - der folk har levd på gardane i 1000 år.

Landbruksdepartementet har liberalisert delingsforbodet i jordlova med verknad frå juli 2013. Desse endringane er naturlegvis ikkje innarbeid i / eller ein del av grunnlaget for utkast til kommunedelplan for området. Grunnlaget for desse endringane var mellom anna at det skal vere lettare å dele i frå tomteland for å sikre busetjinga i distrikta.

I tillegg har ny regjering på mange felt varsla forenklingar i plan og bygningslova – her under liberalisering av politikken for 100 m beltet. Vi reknar med at det innan rimeleg kort vil kome rundskriv om endringar som går i denne retninga.

Grunnen til at vi nemner desse tre avsnitta ovanfor, er at dersom føreliggjande planutkast vert vedteke - la oss håpe på i 2014 - slik det no føreligg der nede i skuffene, så sit vi med ein plan som er forankra i eit gamalt, utdatert og stramt arealregime. Det er heilt urimeleg - og spesielt når det skuldast at kommunen ikkje har teke sitt ansvar som planmynde.

Korleis skal så denne saka løysast slik at innbyggjarane i område får ei anstendig handsaming etter så mange år?

Vårt forslag er som følgjer:


Forslag til endringar vert snarast innarbeidd med omsynstatt til endring i lovverk undervegs og nye politiske signal. Dersom kommunen ikkje har kompetanse og kapasitet, er det fullt muleg å setje dette restarbeidet ut på anbod.

Innbyggjarane vert i perioden fram til ny kommunedelplan for området er vedtatt, fritekne for dispensasjonsgebyr for søknader om bygging/frådeling (tilsvarande opplegg for gebyrfråfall som når kommunen ikkje held eigne fristar i byggesaker).

Grunneigarlaget på Lygra vil med dette brevet som utgangspunkt snarleg ha eit møte med ordførar, rådmann og leiar i Plan- og Miljøutvalget om denne saka.

Vi ber om at kommunen stadfester at det innan eit par - tre veker vert avsett tid til dette møtet og me ser fram til eit konstruktivt møte slik denne planen vert sett på dagsorden igjen.

Med helsing



Olav Bjørn Lygre

Formann i Lygra grunneigarlag